



Saksframlegg

Saknr.	Utval	Møtedato
070/20	Formannskapet	07.05.2020

Oppstart av kommunedelplan for trafikktrygging og samferdsle, og høyring av planprogrammet

Bakgrunn for saka:

Ein vedteken og oppdatert kommunedelplan for trafikktrygging og samferdsle er eit krav ved bl.a. søknader om fylkeskommunale trafikktryggingstiltak. Derfor vert denne planen no revidert, sjølv om den ikkje er prioritert i vedteken planstrategi.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

- Plan- og bygningslova

Aktuelt sakstilfang:

- Framlegg til planprogram

Vedlegg i saka:

Planprogram - Kommunedelplan for trafikktrygging og samferdsle 2021-2024 1457369

Saksopplysningar:

Gjeldande kommunedelplan for trafikktrygging og samferdsle er gjeldande for perioden 2107-2020, og det er såleis behov for revisjon av denne planen.

Planprogrammet klargjer mål med revisjonen, rammer for planarbeidet, utgreiingsbehov samt planprosess med framdriftsplan.

Vurdering:

Ein revisjon er naudsynt av mange omsyn, bl. a. for å kome i posisjon for tilskotssøknader/tildeling av fylkeskommunale trafikktryggingssmidlar.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av pbl §11-12 blir det kunngjort oppstart av kommunedelplan for trafikktrygging og samferdsle.

I medhald av pbl § 11-13 skal planprogrammet sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn i seks veker.

Formannskapet 07.05.2020:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøsyses vedteke.

FO- 070/20 Vedtak:

I medhald av pbl §11-12 blir det kunngjort oppstart av kommunedelplan for trafikktrygging og samferdsle.

I medhald av pbl § 11-13 skal planprogrammet sendast på høyring og leggast ut til offentleg ettersyn i seks veker.